

Instruks for val av representantar til selskap kommunen har eigarskap i

1. FØREMÅL

- Føremålet med instruksen er å sikra at val av representantar til styre og verv vert gjort på ein rettferdig og kompetansebasert måte

2. VAL AV REPRESENTANTAR - SAKSGANG

- Kommunedirektøren legg fram politisk sak om val av representantar til selskap kommunen har eigarskap i – kommunedirektøren har ikkje forslag til vedtak i slike saker
- Valutvalet kjem med forslag til kandidatar som ei tilråding til kommunestyret
- Kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka

3. VAL AV STYREMEDLEMMER TIL EIT AKSJESELSKAP – TILRÅDING FRÅ KOMMUNESTYRET:

Krav til styremedlemmer i eit aksjeselskap

[§ 6-11 i aksjelova](#) har slikt krav til styremedlemmer og dagleg leiar:

1. *Daglig leder og minst halvdelen av styrets medlemmer skal være bosatt her i riket; statsborgere i stater som er part i EØS-avtalen eller statsborgere i Det forente kongerike Storbritannia og Nord-Irland når de er bosatt i en slik stat.*
2. Berre myndige personar kan vera styremedlemmer.
3. Reglane om kjønnsbalanse skal følgast. I eit styre på 6-8 medlemmer skal kvart kjønn vera representert med minst 3. Dette er regulert i aksjeloven § 20-6:

Representasjon av begge kjønn i styret i statsaksjeselskaper

(1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. *Har styret to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert.*
2. *Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.*
3. *Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.*

4. *Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.*
5. *Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.*

I [§ 21-1 i kommuneloven](#) går det fram at reglane om kjønnsbalanse i [aksieloven § 20-6](#) er tilsvarende for aksjeselskap kor kommunen er eigar.

I punkt 15 i eigarskapsmeldinga står det slik tekst om kjønnsrepresentasjon:

“Øygarden kommune skal arbeida for ein balansert kjønnsrepresentasjon i styret, også der dette ikkje er lovfesta”.

4. VAL AV STYREMEDLEMMER TIL EIT SELSKAP KOMMUNEN ER DELEIGAR I:

Kjønnsrepresentasjon

I Lov om endringer i foretakslovgivningen mv. (kjønns sammensetning i styret) § 2-13 a. vart det frå 01.01.24 vedteke slik endring:

(1) Bestemmelsene i denne paragrafen gjelder for selskaper der samtlige deltakere er juridiske personer, og som på balansedagen for årsregnskapet enten har driftsinntekter og finansinntekter som samlet er større enn 50 millioner kroner, eller som har flere enn 30 ansatte. Antall ansatte etter første punktum skal beregnes på samme måte som etter § 2-9, jf. § 2-10 første ledd.

(2) Har styret tre eller flere medlemmer, skal kjønns sammensetning i styret oppfylle følgende krav:

1. *Har styret tre eller fire medlemmer, kan maksimalt to styremedlemmer ha samme kjønn.*
2. *Har styret fem eller seks medlemmer, kan maksimalt tre styremedlemmer ha samme kjønn.*
3. *Har styret syv medlemmer, kan maksimalt fire styremedlemmer ha samme kjønn.*
4. *Har styret åtte medlemmer, kan maksimalt fem styremedlemmer ha samme kjønn.*
5. *Har styret ni eller flere medlemmer, kan maksimalt 60 prosent av styremedlemmene ha samme kjønn.*

(3) Annet ledd gjelder tilsvarende for varamedlemmer.

(4) Når det for et selskap inntreier en plikt til å oppfylle kravene til kjønns sammensetning, skal styret senest én måned etter første etterfølgende selskapsmøte oppfylle kravene til kjønns sammensetning etter annet og tredje ledd.

Det er difor krav til kjønnsbalanse ved val av Øygarden kommune sine representantar.

5. KVA SEIER KOMMUNEN SI EIGARSKAPSMELDING

I den vedtekne [Eigarskapsmelding for Øygarden kommune](#) er styreverv omtala slik:

"9. Sikra god kompetanse og samansetning i styre

Øygarden kommune skal gjennom eigarorgana sikra at den samla kompetansen i styra er tilpassa føremål og verksemda til selskapa. Styret skal spegla og representera behovet i selskapet, og bør ha ulik og supplerande kompetanse innanfor økonomi, organisasjon, fagleg

innsikt og god kjennskap til føremålet med selskapet.

10. Sikra god rolleforståing i styreverv

Styreverv i selskap er eit personleg verv. Medlem av styrer representerer berre seg sjølve og ikkje nokon av eigarane, og skal ivareta interessa til selskapet til beste for eigar/eigarane. Det betyr at sjølv om styremedlem er folkevalde, skal dei ikkje representera verken politiske parti, kommunen eller andre interesser, men ivareta selskapet sine interesser på best mogleg måte.

11. Sentrale folkevalde kan som hovudregel ikkje veljast inn i styret i kommunalt eigde selskap

Formannskapet har ei aktiv rolle i eigarstyring i kommunen, og handterer saker knytt til eigarskapet i kommunen. For å unngå at det oppstår potensielle rollekonfliktar og habilitetsspørsmål når kommunen skal behandla ei sak der selskapet er part, kan sentrale folkevalde som hovudregel ikkje veljast til styremedlem eller varamedlem i kommunalt eigde selskap. Sentrale folkevalde er i dette høvet definert til å vera medlem i formannskapet.

12. Sentrale leiarar kan som hovudregel ikkje veljast inn i styret i kommunalt eigde selskap

For å unngå potensielle rollekonfliktar og inhabilitet kan som hovudregel ikkje sentrale tilsette veljast til styremedlem eller varamedlem i kommunalt eigde selskap. Sentrale tilsette vert i dette høve definert til å vera kommunedirektøren og kommunalsjefar. Dette gjeld likevel ikkje oppgåvefelleskap eller andre samarbeidsformer som er administrativt koordinert, og der formelle avklaringar og prinsipp skal til politisk behandling. "

6. KRAV TIL STYREMEDLEMMER

Det er eit krav til eigar å sikra relevant kompetanse for den verksemda dei er sette til å styra.

Det bør såleis setjast grunnleggande krav til alle styremedlemer:

- **Fagleg kompetanse:**
Kandidaten skal ha relevant utdanning og erfaring innan det aktuelle fagområdet, til dømes økonomi, jus eller leiing.
- **Personlege eigenskapar:**
Kandidaten skal vise gode samarbeidsevner, ha høg integritet og engasjement. Kandidaten må også ha tid til styrejobben og opptre uavhengig

Styret bør som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor følgjande område;

- *Kunnskap om selskapet si verksemd. Det gjeld mellom anna mål, organisering, historie, forretningsområde, lovgjeving/forskrifter, strategi, avtalar mm.*
- *Bransjekunnskap. Det gjeld mellom anna kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen og kunnskap om konkurrerande verksemdar.*
- *Spesialkompetanse og erfaring innan område som juss, økonomi/finans/rekneskap, risikostyring, marknadsføring, HMS, tekniske fag mm.*
- *Leigingserfaring og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar.*
- *Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning.*
- *Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid.*

Kva av desse kompetansefeltet det skal leggjast mest vekt på kan drøftast og det kan vere føremålstenleg at valutvalet i sitt framlegg til kandidatar kartlegg og skisserer kompetansen til den einskilde kandidat.

7. HABILITET - ETISKE RETNINGSLINJER § 6 OM GILDSKAP

I dei vedtekne etiske retningslinjene omhandlar slik tekst dei folkevalde:

«For folkevalde skal spørsmål om gildskap takast opp med det politiske organet den folkevalde er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen gildskap. Ved val til politiske utval skal valutvalet vurdere om medlemmene kan komme i lojalitets- og interessekonfliktar.»

8. PROSESS FOR VAL

Alle aktuelle kandidatar skal levere ein CV med dokumentasjon på kompetanse og erfaring. CV vert sendt til møtesekretær for valutvalet

Valutvalet vurderer aktuelle kandidatar ut frå

- Kompetanse
- Erfaring
- Personlege eigenskapar og engasjement
- Ha tid til styrejobben
- Samansetjing av styret - ulike og supplerande kompetanse innanfor økonomi, organisasjon, fagleg innsikt og god kjennskap til føremålet med selskapet.
- Sentrale leiarar kan som hovudregel ikkje veljast inn i styret i kommunalt eigde selskap. Sentrale folkevalde er i dette høvet definert til å vera medlem i formannskapet
- Sentrale leiarar kan som hovudregel ikkje veljast inn i styret i kommunalt eigde selskap - kommunedirektøren og kommunalsjefar. Dette gjeld likevel ikkje oppgåvefellesskap eller andre samarbeidsformer som er administrativt koordinert, og der formelle avklaringar og prinsipp skal til politisk behandling
- Habilitet - vurderer om medlemmene kan komme i lojalitets- og interessekonfliktar
- Kjønnssbalanse – ulike reglar for aksjeselskap og selskap der kommunen er deleigar